

nve@nve.no

28.10.2020

Høyringsinnspel til søknad om endra utbyggingsplanar for Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune

Viser til høyring av søknad fra Sunnhordland Kraftlag AS (SKL), datert 24.08.2020, om løyve til å endre utbyggingsplanane for Onarheim kraftverk i Hellelandselva, i Kvinnherad kommune. SKL søker om å endre tiltaket ved å anlegga nedgrave røyrgate i øvre deler av vassvegen, der ein opphaveleg hadde planlagd vassveg i bora tunnel. FNF Hordaland råder NVE til å ikkje godkjenne planendringssøknaden.

FNF Hordaland, på vegne av Bergen og Hordaland Turlag og Naturvernforbundet Hordaland, leverte felles innspel til første høyring og rådde fra konsesjon grunna viktige natur- og friluftsverdiar i området¹. Onarheim kraftverk fekk konsesjon 10. januar 2019. FNF Hordaland påklaga vedtaket om løyve 31. januar 2019². Vedtaket vart stadfesta av Olje- og energidepartementet 19. mai 2020 under føresetnad om at øvre del av vassvegen skulle byggast med bora tunnel for å avbøte negative konsekvensar for landskap og friluftsliv. Vi meiner SKL ikkje bør få løyve til å endre utbygginga slik at den bryt med denne føresetnaden.

Det har vore stort lokalt engasjement i saka om det planlagde kraftverket i Hellelandselva. Området langs vassdraget er mykje nytta av turgårarar og har stor betydning for lokalsamfunnet. I konsesjonsgitt alternativ vil 1200 m av vassvegen i Hellandselva bli lagt i røyr og minstevassføringa som er vedteke vil redusere opplevingskvalitetane for friluftslivet. Innvilgast planendringa vil det bli verre. Formannskapet i Kvinnherad kommune stemte 16. oktober 2020 i mot planendringa som vil gje eit enda større naturinngrep langs Hellandselva. SKL skreiv sjølv i opphaveleg søknad at å legge elva i røyr ville vere «negativ for rekreasjonsopplevelingen langs elveløpet», og har gjennom prosessen forklart at de skal gjere utbygginga skånsam. Det er difor overraskande at SKL foreslår betydeleg større inngrep med meir anleggsveg og røyr, større sedimenteringsbasseng og meir inngrep i furuskogen.

SKL sine argumenter for nedgrave røyrgate

Hovudargumentet til utbygger er at inntakspllassering i konsesjonsgitt alternativ er endra i forhold til konsesjonssøkt. Utbygger skriv følgande:

«I konsesjonssøknaden vert borehol i øvste del av vassvegen føreslått som avbøtande tiltak for å unngå inngrep i dei opne områda langs turstien opp mot Bremstølen. Sidan inntaket er

¹ [FNF Hordaland 2017. Innspel gjeildande søknad om Onarheim kraftverk, Kvinnherad Kommune, datert 04.12.2017.](#)

² [FNF Hordaland 2019. Klage på vedtak om løyve til Onarheim kraftverk, datert 31.01.2019.](#)



flytta vekk frå Bremstølen og ned i eit område med vegetasjon, er ikkje dette lenger relevant som avbøtande tiltak.»

Den nye plasseringa er på kote 435 og medfører 170 m kortare trase enn opphavleg omsøkt. Det står likevel att eit strekk på om lag 350 m vassveg som framleis ligg i høgareliggende og sårbart terrenget, med furuskog og berg med skritt topplag som vil bli sterkt påverka om ein legg røyrsgate framfor tunnel. Vi meiner derfor at argumentet ikkje held mål og at det er god grunn til framleis å oppretthalde krav om tunnel for å skåne landskapet og ivareta friluftslivsverdiane.

SKL argumenterer vidare med følgjande fordelar ved å forlenga nedgrave røyrtrasé heilt opp til inntaket, og vi vil kommentere dei punktvis.

- **Reduksjon i risiko for utslepp til drikkevasskjelde i anleggsfasen**

Ureining til miljøet og særleg ei drikkevasskjelde skal unngåast uavhengig av tiltak. Utbyggjar må vere budd på å bere dei kostnadene som føl av å sikre anleggsfasen tilstrekkeleg.

Vi noterer oss at SKL skriv i endringssøknaden at «*på grunn av at Hellandselva er drikkevasskjelde til kommunen, må det leggast spesiell vekt på avbøtande tiltak i anleggsfasen for å unngå utslepp til elva. Dette krev noko større areal enn antyda i konsesjonssøknaden til prosjektet.*»

Etter kva vi kan forstå så inneber dette å bygge større sedimentbasseng, og å flytte sedimentbassenget. Vi vil be NVE vurdere om ikkje denne endringa i seg sjølv krev endringssøknad.

Vi føreset at uansett storleik og plassering av sedimentbassenget så skal terrenget tilbakeførast og revegeterast med stadeigen vegetasjon etter fullført anleggsperiode.

- **Kortare og meir føreseileg anleggsperiode**

Ein kortare anleggsperiode kan i tida arbeida går føre seg seiast å vera fordelaktig for tilgangen og friluftsbruken av området, men det endra tiltaket vil svekke opplevingsverdien i området på lang sikt og dermed er ikkje dette ein fordel for ålmenta.

- **Anleggsfase utan bruk av helikopter**

Bruk av helikopter er nok kostbart for utbyggjar og støyande for nabobar og turgåurar i området, men konsekvensane av ytterlegare 400 m med anleggsveg vurderer vi til å vere større.

- **Lågare utbyggingskostnad**

SKL har fått konsesjon under føresetnad om at øvre del av vassvegen skulle byggast med bora tunnel for å avbøte negative konsekvensar for landskap og friluftsliv. Då må dei vere budd på ta den kostnaden det medfører.

- **Eit meir driftssikkert kraftverk**

Vi har forståing for at straumkabler og fiber heilt opp til inntaket er det enklaste for utbyggjar, men det finst mange gode løysingar for drift også utan dette, som ikkje går på kostnad av landskapet. Vi oppmodar om å finne energiløysingar som avgrensar bruk av dieselaggregat.

- **Landskapsinngrep**

I tillegg argumenterer SKL for at ein får reduserte landskapsinngrep med den nye løysinga fordi endringa frå borehol til nedgrave røyr gjer at ein fjernar behovet for påhogg til borehol og riggområdet rundt dette. Vi vil påpeike at riggen er midlertidig og at vi føreset at påhogget blir utført mest mogleg lempelag i terrenget og at eventuelle skjeringar seinare vert sikra.

Utbyggjar medgjer vidare at det er ulemper ved endringa då det blir eit meir synleg inngrep i øvre del av vassvegen enn i konsesjonsgitt alternativ, og legg vekt på at røygata skal leggast mest mogleg

lempet i terrenget og å leggja til rette for god revegetering. Forumet er sterkt uroa for at både røygata og anleggsvegen blir meir inngrapande i terrenget enn omtalt, og at tilbakeføring og revegetering av furuskogen og landskapet i denne høgda ikkje vert vellukka. I fjellområda er det kortare vekstsesong, og det kan ta 100-200 år til furua er tilbake³. SKL har ikkje vist til referanseprosjekt, metodar eller detaljerte planar for revegetering.

Konklusjon

FNF Hordaland viser til uttale (datert 04.12.2017) og vil påpeike at naturverdiane og friluftskvalitetane i området er like gyldige i dag som ved konsesjonstildeling. Fordelane som SKL har påpeika gjeld i stor grad økonomiske fordelar for utbyggjar, og gagnar i liten grad ålmenta, naturen eller friluftsverdiane i området på kort sikt. På lengre sikt vil endringa svekke natur- og friluftsverdiane i området.

Forumet ønskjer å visa til innspelet frå Kvinnherad Turlag der dei rår i frå å gje løyve til dei omsøkte endringane.

Innspelet er skreve i samarbeid med naturvernansvarleg Siren Juliussen i Bergen og Hordaland Turlag.

Vennleg helsing,

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland

v/ koordinator Silje Elvatun Sikveland

Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland er eit samarbeidsforum for natur- og friluftsorganisasjonar i Hordaland, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftsinteressene i fylket. Per i dag er det elleve organisasjonar tilslutta FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag (DNT), Naturvernforbundet Hordaland, Norges Jeger- og Fisker forbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Norsk Ornitologisk Forening Hordaland fylkeslag, Hordaland fylkeskystlag, Norsk Botanisk Forening Vestlandsavdelingen, Syklistenes Landsforening Bergen og omegn, Voss Utferdsdag (DNT), Voss Kajakklubb og Hordaland krins av Norges Speiderforbund. Sammen representerer organisasjonane rundt 40.000 medlemmer i Hordaland

Kopi til: Fylkesmannen i Vestland, Vestland fylkeskommune og Kvinnherad kommune.

³ Kielland-Lund, J. 1970. Vegetasjonssuksesjoner i skog. Tidsskrift for Skogbruk 2-70: 209-20.